



Bjørg Øvre Helland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/281 - 22/2087

Saksbehandlar:
Tonje Husum Aarland
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:
10.10.2022

Svar - Tilskot frå næringsfondet til bokprosjekt

Vi syner til søknaden om tilskot frå næringsfondet til lokalhistorisk bokprosjekt. Det er gjort slik vedtak i saka:

Vedtak

Modalen kommune løyver kr. 70 000,- frå næringsfondet i tilskot til utvikling og ferdigstilling av lokalhistorisk bokprosjekt. Følgjande vilkår gjeld:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknaden.
2. Tilskotssum vert utbetalt i tråd med dokumenterte kostnader.
3. Modalen kommune sin strategiske næringsplan (2017), samt Vedtekter for næringsfondet (2017) ligg til grunn for løyvinga.
4. Tilskotsmottakar skal innan 1 år etter tildelt støtte sende skriftleg tilbakemelding til Modalen kommune med status for det omsøkte prosjektet.

Saksutgreiing:

Inga Jorunn Nåmdal og Bjørg Å. Øvre-Helland søker stønad frå næringsfondet på kr. 70 000,- til dekking av utgifter knytt til eit lokalhistorisk bokprosjekt. Modalen kommune vil få alle rettar til boka.

Vurdering opp mot Strategisk næringsplan for Modalen kommune (SNP) og vedtekter for næringsfond

Strategisk næringsplan viser til sentrale kriterier for utdeling av tilskot frå næringsfondet; grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder. Det vert i SNP mellom anna vist til oppbygging av omdømme og marknadsføring som eit fokusområdet i planperioden.

Det vert i søknad om tilskot til bokprosjektet vist til ønskje om å ta vare på- og dokumentere lokalhistoria til Modalen kommune. Boka vil omhandle korleis det var å bu og leve i Modalen i tida før, under og etter siste verdskrigen. Modalen kommune vil få alle rettar til boka, som kan nyttast i undervisning, marknadsføring og som gåver.

Prosjektet er eit lokalt initiativ som vil kunne vere verdifull for innbyggjarar og andre med tilknytning til- eller historisk interesse for bygdesamfunn på Vestlandet. Rådmannen sin vurdering er at tiltaket fell inn under føremålet med næringsfondet.

Økonomi

I søknaden vert det vist til at kostnader for trykking, redigering/design, kjøp av foto og reiseutgifter totalt vil koste kr 70 000,-. Eigeninnsats vert vurdert som høg, med aktiv deltaking frå fleire personar for å kunne gjennomføre prosjektet. Skribentar, redaktørar o.l. tek ikkje honorar for boka, og Modalen kommune vil få alle rettar til boka. Inkludert eigeninnsats, kan totale kostnader reknast å tilsvare godt over dobbelt av søknadssum.

I SNP er det vist til kategoriane 1, 2 og 3. Kategori 3 gjev samla stønad inntil 50 % av kostnadene. I særlege tilfelle kan stønad tildelast utover kategori 3. Rådmannen sin vurdering er at tiltaket kan plasserast i kategori 3 – samla stønad inntil 50 %.

Rådmannen sin vurdering er at søknaden er i tråd med tildelingskriteria i SNP og vedtektene for næringsfondet i Modalen kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28 - 36.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom de har spørsmål, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing

Tonje Husum Aarland
Ass. rådmann
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Björg Øvre Helland
Inga Jorunn Nåmdal

Postboks 20 5732

MODALEN
(Postboksadr.)